



Årsmelding

2021

1. Innleiing

2021 vart, som 2020, eit år som i stor grad vart prega av koronapandemien. Sogn Næring har halde fram med rettleiing av verksemder som ynskte å søke om midlar til omstilling. Fleire bedrifter har brukt krisetida til å arbeide med forretningsutvikling, kompetanseheving og utviklingsprosjekt, noko det for Sogn Næring har vore kjekt å ta del i. Mot slutten av året vart dei ei justering av dei mottekne statlege midlane, frå å vere utviklingsretta til ei reine kompensasjonsordningar. Dette gjorde ordningane meir krevjande å handsame, då midlane i mindre grad stimulera til utviklingstiltak og retningslinjene har vore mindre klåre.

I 2021 byrja vi samarbeidet med Vik kommune, og har sidan januar har handtert førstelinjetjenesta i Vik. Læringskurva har vore bratt, men vi har hatt mange flotte turar over fjorden og har i løpet av året blitt godt kjend med næringsliv og administrativ leiing i kommunen. Etter ynskje frå Vik næringssamskipnad har vi vore til stade på alle deira styremøte. Dette har vore ein viktig møteplass for oss, og vi vil halde fram med å møte der i i 2022.

Med fleire periodar med heimekontor og strenge restriksjonar, vart ikkje 2021 heilt slik vi hadde håpa,. Vi har likevel fått arrangert både små og større arrangement. Vi gler oss til å ta fatt på 2022 og satsar på at det vert eit år som opnar for enda fleire arrangement, samlingar og turar – det er i møte med folk dei spennande tinga skjer.

OM SELSKAPET

Sogn Næring er eigd av Sogndal kommune og Sogndal Næringsforeining. Selskapet skal utføre oppgåver innan nærings- og samfunnsutvikling på vegne av eigarar og andre oppdragsgjevarar.

Styre

- Agnar Holen (leiar)
- Kristin Rundsveen Bøtun (nestleiar)
- Eli Grete Høyvik
- Jørgen Christian Lindstrøm
- Mari Husabø
- Stig Ove Ølmheim

Varamedlemmer

1. Frode Bøthun (fast møtande vara)
2. Emilie Pellegrino
3. Jorunn Åsfrid Røyrvik
4. Gudvin Steinar Haraldsson



Tilsette i selskapet

Dagleg leiar i selskapet er Torgeir Skålid. Ved årsskiftet er desse tilsett:

- Line Bjelde, forretningsutviklar 100%
- Karoline Søvik Myklebust, forretningsutviklar 100%
- Even Eide, forretningsutviklar 100%
- May Lene Steinheim Lunden, forretningsutviklar 50%
- Anja Fardal, strategisk rådgjevar 100%

Dei største oppdragsgjevarane i 2021 har vore Sogndal kommune, Vik kommune (gjennom tenestesamarbeid med Sogndal kommune) og Sognefjorden Næringshage. Vi har òg ei aukande portefølje av prosjekt som vert finansiert av eksterne prosjektmidlar, til dømes Vestland Fylkeskommune og Sogn Regionråd.



2. Hovudaktiviteten i selskapet i 2021

Bedriftsutvikling. Sogn Næring skal arbeide målretta med etablerte bedrifter som ynskjer å utvikle verksemda si. I 2021 har vi tilført selskapet auka kapasitet på forretningsutvikling, og har merka stor etterspurnad etter tenestene våre. Til liks med i 2020 har me hatt stort fokus på å rettleie bedriftene med utfordringar knytt til Covid-19. Støtteordningane i samband Covid19 har vore til god hjelp for mange, og Sogn Næring har hjulpet bedrifter som til dømes ynskja å søke Innovasjon Norge om midlar til utviklingsprosjekt. Vi har også hatt ansvar for det kommunale næringsfondet knytt til Covid-19 i Sogndal kommune, i tillegg til Vik kommune. Det har først og fremst vore reiselivsrelaterte søknadar til dei nasjonale ordningane, medan breidda av næringslivet har sendt inn søknadar til dei kommunale næringsfonda.

Nettverk og kompetanseutvikling. Sogn Næring skal etablere arenaer der næringsliv og andre aktørar kan møtes for å blir kjent, lære og finne samarbeidspartnarar. Sjølv om året har hatt fleire periodar prega av strenge restriksjonar har vi fått gjennomført fleire arrangement og møteplassar. Årets største arrangement var den utvida versjonen av Fjellpitch, som vart gjennomført 14. september på Sogndal hotell. Arrangementet samla 90 gjester i salen, beståande av både etablert næringsliv og gründerar.

Vi har også arbeida for at vidaregåande og høgskule utviklar sine tilbod i tråd med behova i arbeidslivet. Med regionreforma har fylkeskommunen fått ei større rolle på kompetansefeltet, og i 2021 byrja vi arbeidet med å finne gode måtar å synleggjere Sogn sine kompetansebehov inn i arbeidet med å dimensjonere studietilbodet i Vestland.

Sognefjorden Næringshage. I samarbeid med Sognefjorden Næringshage, driftar Sogn Næring Siva sitt næringshageprogram i regionen. Som operatør av næringshageprogrammet jobbar Sogn Næring aktivt med bedrifter i heile regionen.

Gjennom næringshageprogrammet får òg Sogn Næring tilgang til nettverk i heile fylket, og inngår i eit partnarsskap med Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane, Stryn Næringshage og Inviro (Nordfjordeid Næringshage). Etablering av nye målbedrifter i programmet, utvikling av partnarsskapen i Sogn og Fjordane samt utviklinga av nettverket næringsprat teke mykje av arbeidstida i 2021. 2022 er siste år i den pågåande programperioden, og det har vore arbeid mot ein ny samarbeidsavtale med Sognefjord Næringshage for neste programperiode frå 2023.

Gründertjenester. Sogn Næring skal bidra til at det er enkelt å starte bedrift i Sogndal kommune gjennom tilgjengelege kontorfasilitetar for gründerar og etablert næringsliv i heile kommunen. Vidare skal vi bidra til fellesskap, samarbeid og nettverksbygging for oppstartsbedrifter, og mellom nye og etablerte bedrifter. Det er jamt over veldig godt tilfang av gode idear både frå gründerar og etablert næringsliv. Grunna den pågåande covid-19 pandemien vart årets tradisjonelle Fjellpitch flytte til september. Det vart eit større heildagsarrangement, gjennomført på Sogndal hotell. Vi fekk 7 flotte deltakarar i pitchekonkurransen, fleire av dei er no leigetakarar på Fus og vert følga opp av oss i Sogn Næring eller gjennom inkubatorprogrammet til Kunnskapsparken.

Fus. I løpet av 2021 er det etablert fleire Fus-lokasjonar, det er no mogleg å sitte på Fus på Leikanger, på vitemeir på Kaupanger og på Campus i Sogndal. Vi opplever òg ei aukande interesse for kontorfellesskapa. Det er ikkje lengre berre gründerarsom ynskjer ein plass, men folk som frå heile landet, som tek med seg jobben sin og arbeider «remote» frå Fus.

Fus-strukturen er stadig under utvikling og det vert arbeida aktivt for å få på plass enda fleire lokasjonar og bygge ei sterk merkevare. I løpet av vinteren 2022 skal det lanserast eit digitalt booking- og låsesystem for Fus, og dei økonomiske rammene er i ferd med å falle på plass. Allereie vinteren 2022 vil vi opne dørene til Fus i Vik og i Lærdal, og det vert arbeida med lokasjonar i Balestrand og Luster. Prosjekt og strategiske satsingar. Sogn Næring ynskjer å inspirere og initiere til utvikling i regionen, det er slik sett naturleg at vi set i gang prosjekt som vi meina bør





vere fokus på. Vi har difor satt i gang fleire prosjekt som vi har finansiert gjennom søknadar til Vestland fylkeskommune og det kommunale næringsfondet. Slik har vi fått i gang fleire nye prosjekt som vi trur vil kome regionen til gode. Nokre av prosjekt manglar framleis finansiering, det vil vi arbeide med å få på plass i løpet av 2022. Vi har blant anna vore i dialog med Sparebanken Sogn og Fjordane som er interessert i fleire av prosjekta og vil kunne vere med å delfinansiere fleire av dei. Nokre av prosjekta er allereie godt i gang, som restart reiselivet, mens dei andre prosjekta er i startgropa, desse skal vi sette inn støtet på i 2022.

3. Slik jobbar me

Sogn Næring sitt arbeid spenner frå å inspirere gjennom ulike arrangement til å vere støttespelar i eit utviklingsprosjekt i ei bedrift. Vi skal både sette dagsorden, vere pådrivar og initiere prosjekt, samt fasilitere og koordinere i implementeringa av prosjekt. Selskapet si rolle vil vere størst i den første fasen, der ein inspirerer til aktivitet. Rolla og tidsbruken vil bli mindre som pådrivar og støttespelar i konkrete prosjekt. Det oppsøkande bedriftsretta arbeidet har i 2021 vore redusert grunna pandemien. Vi merkar òg at verksemdene tek til å bli vande med digitale verktøy og er komfortable med å gjennomføre møter på digitale plattformer. I 2020 var selskapet utfordra på kapasitet og vi har i løpet av 2021 tilsett 4 nye forretningsutviklarar, der to har deltidsstillingar og to hari faste fulltidsstillingar. Vi er godt i gang med å finne vår form som organisasjon og ser fram til å verte enda betre kjend med dei nyttilsette i selskapet.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Tilsette har høve til å nytte ein time kvar veke til trening, og selskapet har treningsavtale med Idrettsenteret AS. Det er ikkje meld om ulukker eller skadar i perioden, og sjukefråværet har vore minimalt.

Verksemda medfører ikkje utslepp eller forureining som kan vere til skade for det ytre miljø.

4. Selskap vi eig i

- Vitensenteret i Sogn og Fjordane
Eigardel: 6,5%
Andre eigarar: Næringsliv og offentleg verksemd
- Hangar Sogndal AS
Eigardel: 33,3%
Andre eigarar: Sogndal kommune
- Visit Sognefjord
Eigardel: 12,15%
Andre eigarar: Kommunar og reiselivsbedrifter i Sogn
- Framtidsfylket
Eigardel: 2,78%
Andre eigarar: Næringsliv og offentlege verksemder i Vestland

Sogndal 20.04.2022

Agnar Holen
Styreleiar

Torgeir Skålid
Dagleg leiar





Sogn Næring

Sogn Næring AS
Trolladalen 30, 6856 Sogndal
E-post: post@sognnaring.no
www.sognnaring.no